

---

**Fra:** Odd Arve Kvinnesland [mailto:[odd-arve.kvinnesland@haegebostad.kommune.no](mailto:odd-arve.kvinnesland@haegebostad.kommune.no)]  
**Sendt:** 5. mars 2013 14:16  
**Til:** Postmottak LMD  
**Emne:** Høyring: Endringar i jordlova

Syner til høyringar omkring endringar i Jordlova

Formannskapet i Hægebostad behandler desse i dag, 5 mars 2013 og har gjort **følgjande uttale** til høyringa om **jordlova**:

«Formannskapet i Hægebostad ser svært positivt på dei forslaga som blir skissert av endringar i jordlova sin § 12. Spesielt med tanke på dei utfordringane som t.d. Hægebostad kommune har som ligg i føringane i kommuneplanen. Som Landbruksdepartementet skriv i si oppsummering ligg det andre utfordringar i utkantområder kontra pressområder.

Difor ser ein positivt på dei endringane som høyringsnotatet legg opp til. Spesielt at kommunane no får eit større handlingsrom til å gje løyve til frådelingar ut frå dei konkrete utfordringane finst i det området (eller kommunen) kor eigedomen ligg.

For Hægebostad kommune t.d. så er hovudmålet i gjeldane kommuneplan å oppretthalde/auke folketalet. I forslaget til samfunnsdelen til ny kommuneplan er dette hovudmålet enno meir konkret til « å auke innbyggjartallet med 2% årleg- samt å ha fokus på tilflytting av yngre kvinner».

Gjennom dei endringane som det no blir lagt opp til blir omsynet til busetjinga vektlagt i det forslaget til ny § 12 som ligg føre. At det og blir presisert at lova sitt føremål i § 1 blir presisert at omsynet til busetjing har som utgangspunkt landbrukseigedom, medan i § 12 gjeld busetjing generelt ser ein og som svært positivt.

At dei momenta som er nemnd som drøftingstema i høyringsnotatet kapitel 4 side 11 vil ein og slutte seg til.

#### Tilhøve til Plan- og bygningslova (PLB)

Hægebostad kommune har i fleire år handsama både saker etter jordloven og deling etter PLB i same vedtak. Dersom ei sak er dispensasjonssak så blir denne sendt på høyring, for vurdering, som så blir med i den samla vurderinga. Vedtaket blir så sendt høyringsinstansane på vanleg måte.

Søkja får då eit samla vedtak å halde seg til, kor det klårt går fram av vedtaket kva lovverk saka er godkjend/gjeve avslag etter. Vi har fått svært gode tilbakemeldingar frå søkerane på denne praksisen med behandling. Tidlegare vart dei forvirra av at dei først fekk vedtak t.d. etter PLB som var positivt, og så nokre dagar seinare avslag etter jordlova eller omvendt. I møter med Fylkesmannen i Vest-Agder har dei gjeve signaler om at det liten «begeistring» for dette og at dei ønskjer primært behandling først etter jordlova, og så etter PLB. Ein tolkar høyringsnotatet slik at Departementet ønskjer ei samla vurdering etter både jordlova og PLB i same vedtak, som er i tråd med den praksisen som vi har i dag. Og som vil gjøre det enklare for søker. Sjølvsagt etter at saka er sendt på høyring om det er aktuelt.

På bakgrunn av dette ser Formannskapet positivt på dei endringane i Jordlova som her blir skissert.»

Mvh

Odd Arve Kvinnesland  
Enhetsleder  
Plan- og drift  
Hægebostad kommune  
Tlf 38 34 91 22/90854549



*Saman om ei positiv utvikling*